


# Bokn Bygdablad

Nr. 7 september 2013 – Årg. 28



Endeleg T-tunnel – s. 3



Ny reguleringsplan – s. 6



NM-meister igjen – s. 11



[www.bygdabladet.no](http://www.bygdabladet.no)

KJEKT PÅ **BOKN**



## RDFØRAREN RDET

*Kjære sambygding!*

### Betere vegar

I haust har merkedagane stått i kø for alle som er opptekne av vegar og infrastruktur i lokalområda. Og endå er det mykje spennande i vente når det gjeld nye vegutbyggingar- og utbetringar. Det etterlengta T-sambandet opna den 5. september og har allereie endra kjøremønsteret på Haugalandet, ikkje minst for boknarane. Og Haugalandspakken, utbygging- og finansieringsplanen for transportsystemet på Haugalandet, runda ein milepel den 24. september då det nye planfrie krysset på E134 ved Førresbotn i Tysvær kommune blei opna. For oss boknarar er det vel så viktig at eit nytt krabbefelt på E39 ved Susort blir opna i løpet av vinteren 2014.

Men vegaktiviteten i Bokn held fram også i åra som kjem. I veke 39 fekk me vita at utbetring av Ognøykrysset er lagt inn i handlingsplanen til Nasjonal Transportplan (NTP). Med det vil eit problempunkt på dagens E39 bli utbetra med statlege midlar. Elles skal reguleringsplanen for Føresvikvegen behandlast i kommunestyremøte den 1. oktober. Statens vegvesen har sett oppstart for bygging av Føresvikvegen til perioden 2014 – 2016. Vegvesenet vil nå laga eit overslag på prosjektet og utarbeida byggeplanar, som ein satsar på skal vera ferdige til sommaren 2014.

Når det gjeld Rogfast, legg Statens vegvesen i samråd med Bokn kommune opp til at ny ilandføring i Bokn kan avklarast gjennom reguleringsplan med tilhøyrande konsekvensutgreiing. Det vil vera fleire moglege løysningar for tunnelpåhogg og veg i dagen. Og etter ein høyringsrunde vil det bli bestemt kva alternativ som vil bli vald. Det blir lagt opp til at fastsett planprogram skal vera klar våren 2014 og vedtatt plan i løpet av fyrste halvår 2015.

På Haugalandet er me altså inne i ein periode med høg aktivitet i vegsektoren. Stadig fleire delar av



Opning av nytt kryss på Førre 24. September.

vegkorridorane på Haugalandet får nå høgare standard, tiltak som knyt regionen tettare saman og som gjer Haugalandet til ein meir robust bu- og arbeidsmarknad. Effektiv transport er ein føresetnad for velferd og økonomisk vekst, og gjera regionen meir attraktiv.

### TV-aksjonen 2013

TV-aksjonen til NRK går i år til Nasjonalforeningen for folkehelse og arbeidet med demens. Over 70 000 menneske har demens i Noreg, og talet vil auka sterkt dei komande åra. Ein reknar at talet på menneske med demens vil doblast dei neste ti åra. Ein veit ennå lite om årsaker, behandling og medisinar. Per i dag manglar det vaksine og behandling som kurerar demens.

TV-aksjonen skal gi eit løft til forskinga slik at demensgåta kan bli løyst. Det innsamla beløpet skal mellom anna bidra til å styrka tilbodet til menneske med demens og deira pårørande. Ein ynskjer å utvikla medisinar slik at det blir mogleg å hindra utvikling av sjukdommen, men også å gi personar med

demens eit verdig liv og ein betre kvardag.

I fjor blei det ny innsamlingsrekord i Bokn i samband med TV-aksjonen. Eg trur årets tema er noko som treff godt og som mange er opptekne av. Minst 300.000 er næraste pårørande til ein demenssjuk. Eg håpar aksjonen også er med å setje fokus på ein diagnose som dei fleste fryktar.

Du kan gi ditt bidrag når bøssebærarane kjem på døra di, men det er også viktig å støtte opp om dei ulike arrangementa som vil bli gjennomført fram mot sjølve aksjonsdagen den 22. oktober. Spesielt vil eg oppmoda næringslivet i Bokn til å gi sitt bidrag på givestafett.no. Du kan også melde deg som bøssebærar.

*Ordføreren*



**Sjå også s. 14, 21 og 22**

**(Red. anm.)**

## NKS på besøk

Tekst: 5. Klasse - foto: Ina V. Tangen

På tysdag den 24. september 2013 kom det to flotte damer, Reidun Grønnestad og Solfrid Kro, frå NKS på besøk til klas-

sen vår. Dei hadde med seg kjempefine sykkelhjelm til oss. Dei var svarte med gråe flammnar.

Reidun og Solfrid fortalde at for 21 år sidan så var NKS på Bokn skule, og delte ut hjelm for fyrste gong. Ei av dei som fekk hjelm då var mammaen til Emilie Bryningsland.

Hjelmene kan me bruke til sykling, sparkesykkel, skøyter og rullaskøyter. Me blei veldig fornøygde med hjelmene og kjem til å bruke dei masse.

**Tusen takk til NKS.**



# Endeleg lys i T-tunnelen!

Kyrre Lindanger

## Det største samferdsleprosjektet i Rogaland nokon sinne opna 5. september.

Fylkesordførar Janne Johnsen (H) fekk æra av å opna T-sambandet i duskregn ved tunnelopninga ved Håvik på Karmøy. Opninga fann stad nøyaktig klokka 1130, og fylkesordføraren fekk hjelp av tidlegare Karmøyordførar Kjell Arvid Svendsen til sjølv snorklippinga. Etter den offisielle opninga var alle invitert til kake og kaffi i Håvikhallen. Det var også ei offisiell mottaking på Nordvegen Historiesenter på Avaldsnes seinare på ettermiddagen.

Prosjektet, til 2 milliardar kroner, blei fyrste gang drøfta i samband med Transportplan Ryfylke i 1987, men har hatt ein lang og kronglete veg fram til opninga torsdag. Fyrste spadestik blei tatt for fire år sidan, og prosjektet er i stor grad finansiert opp med bompengar som har blitt krevd inn på Boknafjord-ferjene. Men også statlege midlar, kommunale tilskot og forskot, samt garanti-beløp frå Rogaland fylkeskommune og Karmøy kommune har vore finansieringskjelder i prosjektet .

Det nye vegsambandet omfattar to under-sjøiske tunnelar som bind saman E39 i Tysvær, fylkesvei 47 på Karmøy og E134 i Haugesund. Vogsambandet vil korta ned reisetida mellom Bokn og Haugesund med om lag 15 minuttar, mens karmøybuen får om lag ein halvtime kortare kjøretid viss dei skal til Arsvågen.

### GLIMT FRÅ DAGEN:

- 1 Fyrste bil på veg inn i Karmøytunnelen.
- 2 Fyrste bilist blei "overfalt" av pressa og fylkesordførar Janne Johnsen gratulerte.
- 3 Fylkesordførar Janne Johnsen opna offisielt T-sambandet på Håvik i Karmøy den 5. september.
- 4 Karmøy-ordførar Aase Simonsen talte ved opninga av T-sambandet.
- 5 Kake servert.
- 6 Godt oppmøte ved tunnelopninga.



Eiar av Bokn sanitetsforening, Reidun Grøn-nestad (i midten bak) og Solfrid Kro samn med 5. Klasse.



## Ny leiar av NAV Bokn

Jardar Havikbotn

### 5. august begynte Bengt Krystad som leiar av NAV Bokn.

Då Unn A. Mustaparta flytta til den nordre landsdelen etter fire år som leiar av NAV-kontoret i Bokn, var det rett og rimeleg at han som tar over er frå "Verdens nordligste by" - Hammerfest. Men 44-åringen har budd ni år på Haugalandet allerede, nærmare bestemt på Susort - med kone frå Førresfjorden og to døtre på 10 og 12.

### Allsidig utdanning og yrkeserfaring

Kona traff han då han studerte ved Universitetet i Tromsø, der han m.a. tok Fiskerikandidatstudiet, 1. og 2. Avdeling Jus og IT (informasjonsteknologi). Bengt Krystad jobba også på sjukeheim då han studerte. Før studietida fekk hammerfestingen yrkeserfaring frå fiskeindustrien då han m.a. jobba på båt og notbøteri. Han hadde også ein kommunal stilling som landbruksvikar før dei flytta sørover.

På Haugalandet blei det jobb som arbeidsleiar ved ATS-avdelinga i Uni-k, ein bedrift i NAV sitt tiltakssystem, før han blei tilsett i NAV-Tysvær i 2008. Frå 2011 har han vore teamleiar/koordinator på oppfølgingsteamet i Aksdal.

Han meiner brei og allsidig yrkeserfaring i det å jobba med menneske kjem godt med i jobben i Bokn, som ikkje berre har ein leiingsfunksjon, med ansvar for dagpengar, arbeidserklæringspengar og tenesterettleiing - men også som saksbehandlar i alt frå sosialfaglege til statlege tenester.

- Eit lite kontor krev at du har oversikt over mykje, og du må ha relativt mykje kompetanse i dei ulike tenesteområda,



Bengt Krystad

fortel Bengt Krystad, som har god kontakt med det store apparatet i NAV, og innhentar raskt informasjon ved behov.

### Godt tenestetilbod

NAV Bokn er veldig tilgjengeleg for innbyggjarane i Bokn. I motsetning til eit stort kontor får ein møtt ein saksbehandlar på dagen.

- På lokalkontoret er det ikkje lang saksbehandlingstid, men ein del saker som blir innstilt av oss og som blir sendt vidare til forvaltningseining for fating av vedtak, kan ha varierende saksbehandlingstid avhengig av sak, seier Krystad.

Målingar viser at NAV Bokn ligg heilt i toppen i oppfølgingsarbeid.

- Eg har ambisjonar om at Bokn skal

ligga blant dei øvste i forhold til ulike måleparametere på oppfølgingsarbeid. Unn A. Mustaparta har mykje av æra for at NAV Bokn tidlegare har skåra høgt på oppfølgingsarbeid, seier ein som likar båt og fiske, og som er medlem av Tysvær havfiskeklubb. Jaktinteresse får han dyrka på hytta i Finnmark. Han er veldig glad i å vera ute i naturen og jakta småvilt.

**Du finn Bengt Krystad på kontoret ved Servicetorget på Boknatun. Opningstida er kl. 09.00-14.30.**

For dei som tar kontakt pr. telefon er nr. til kundesenteret sentralt **555 333**. Dersom dei ikkje får tak i saksbehandlar med ein gong, skal saksbehandlar i NAV ringa brukaren opp igjen innan 48 timar.

## Ny kommuneingeniør

Jardar Havikbotn

### Seksjon teknisk fekk ny ingeniør då Kjell Arne Valentinsen begynte i Bokn kommune 2. september.

Åkrabuen er 48 år i november, har vore busett i Kopervik i 25 år, med kone og to gutar på 19 og 23. Kona er frå Kopervik og barnebarn av bokhandlar Svendsen, som dreiv kristeleg bokhandel i byen. Mange boknarar har nok vore innom der.

### Byggebransjen

Valentinsen gjekk på tømmerlinja på yrkesskulen. Han har fagbrev i både tømmer og forskaling, og har jobba i ulike byggbedrifter, m.a. hjå Haaland/Thuestad.

Då han var på Hydro, fann han ut at han ville gå litt vidare og tok til å dag-



pendla (fem år) til Stavanger, først to år på Teknisk fagskule, så vidare tre år på ingeniørstudiet.

Etter studiene arbeidde han to år med reguleringsplanar i teknisk seksjon i Karmøy kommune. Det blei også fire år på Teknisk i Haugesund kommune. Då jobba han med byggetilsyn. Så gjekk karmøybuen over til private byggfirma og betongfirma på Haugalandet, og fortel om mykje jobbing.

- Eg har alltid likt å ha det travelt, kjem det med eit smil. Under intervjuet får eg inntrykk av stor arbeidskapasitet.

Siste stoppestad før Bokn kommune var AF-gruppen, som har vedlikehaldskontrakten med Statoil på Kårstø. Til saman har Valentinsen over 30 års erfaring frå byggebransjen.

- Ja, eg har vore med i alle fasar frå "golvet" til å styra større prosjekt.

Det kjem nok godt med i jobben på Bokn.

### Stort smil

T-sambandet er ein annan ting som kjem godt med, for om ettermiddagen 5. september var han eit einaste stort

smil då han kom opp av Karmøy tunnelen. Han blei veldig positivt overraska over passasjen, og rosar dei som har jobba med prosjektet.

Ikkje verst å få reisetida si halvvert første veka i ny jobb. Frå huset sitt i Kopervik til Boknatun går det nå 31 minutt. Det er absolutt til å smila av! Han legg til at det ikkje er langt for boknarane å handla i Kopervik nå.

- Ja, nå er det på tide å ta oppatt gammal tradisjon, meiner han.

På kontoret i Bokn har han ikkje vore så lenge enno, men har allereie gjort sine tankar om forenkling av ting. Han vil t.d. setta meir krav til dei som bygger - til at dei m.a. slutfører prosjekta sine, og viser til alle saksmappene som ligg på vent. Valentinsen skjønner ikkje kvifor eigarane ikkje ber om ferdigattest, det er jo til eiga interesse å få slutført prosjektet. Før ferdigattest føreligg, er ikkje prosjektet avslutta. Dette gjeld både bustader/hytter og naust. Han er også opptatt av at det som blir søkt om blir gjort på rette måte, og vil føra tilsyn.

### Karmøy KrF

Og når han ikkje jobbar på Boknatun,

driv han med politikk. Han er nemleg lei av Karmøy KrF, som er eit av landets største lokallag uansett parti, med godt over 600 medlemmer. Ingeniøren seier det er viktig å følgja med i nærmiljøet sitt.

- Eg er engasjert i ting & tang, og ein god måte å visa det på er å vera med i politikk.

Politikken tar det meste av fritida hans, men han brukar også mykje tid på å snikra. Nyleg har han restaurert og flytta inn ny/gammal bustad i Kopervik sentrum. Karmøybuen vurderer også å ta opp igjen fotballaktiviteten sin (han presiserer; i "trim for eldre"-tempo).

Elles er han, etter ein befaringsrunde, positivt overraska over Bokn, der han fekk sett dei mange flotte naturperlene rundt om i kommunen.

- Eg har allereie begynt å leita etter hyttetomt, avsluttar den nye kommuneingeniøren.

**Kontoret hans er i korridoren i første etasje på Boknatun, og tlf. nr. er 52 75 25 05 - 922 422 75.**




Foto: Kjetil Hamre

## Minneord

### Aslaug Hognaland døydde 18. august, 89 år gammal.

Ho blei fødd på Alsvåg på Bremnes og var den tredje yngste av dei 10 barna som voks opp. Tidleg i ungdommen reiste ho til Haugesund. Der hadde ho først huspost i to ulike familiar. Mot slutten av krigen fekk Aslaug arbeid på kjøkkenet på sjukehuset. Nokre år seinare trefte ho sin Peder Hognaland og 1. Juli 1950 stod bryllupet i Vår Frelsers kirke.

Saman bygde dei på Sunnaland ein god heim for seg og dei fire barna, Aud, Ragna, Ingunn og Per. Som mor var Aslaug utruleg omsorgsfull. Ho visste ikkje det beste ho kunne gjera for mann og barn. Samtidig som ho tok seg av alle dei oppgåvene som høyrer heimen til, hadde Aslaug alltid tid til å setta seg ned ei stund og spela eit spel med dei minste.

Etterkvart voks familien med svigerbarn, 10 barnebarn og 15 oldebarn. Alle fekk ein stor plass i hjarta hennar. Ja, gjennom heile livet hadde ho eit eiga auge for barna, ikkje minst dei alle yngste - og dei likte henne.

Sjølv om ho i første rekke var ei kvinne av heimen, var ho også aktiv på fleire frontar. Ein periode sat ho i Kommune styret. I mange år dreiv ho søndagsskule og var aktivt med i misjonsforening. Då ho kom til Bokn blei ho postopnar og ansvarleg for telefonsentralen på Sunnaland. Tidleg på 1960-talet blei dei nedlagde og ho fekk vaskejobb på skulen på Hognaland.

Aslaug hadde ikkje vanskar med å trivast med det ho heldt på med, anten det var hagearbeid eller å vera i båt ute på sjøen. Interessene var mange, m.a. for sport. Sin første Viking-kamp var ho på då ho var 80 år gammal.



I 1987 døydde Peder, og etter det budde Aslaug i 20 år (halve året) i Sandnes, hjå dottera Ragna. Dei siste fem, seks åra hadde ho i omsorgsbustad på Boknatun. Ho fann seg til rette, hadde framleis mykje livsglede og var på tilbodssida. Dei siste åra, etter at synet ble svekka, forsvann noko av livsmotet. Men pannekaker og vaflar stilte ho opp med på fredagane heilt til det siste. Den kristne trua hennar var med og gi henne kraft alle dagar gjennom heile livet.

**Alle dei gode minnene ho gav tar me vare på medan me lysar fred over minnet hennar.**



# Ny reguleringsplan for Rogfast

Kyrre Lindanger

Arbeidet med å laga ny reguleringsplan for Rogfast starta opp med synfaring og seminar på Bokn den 17. september. Både Bokn formannskap, Statens vegvesen, Fylkesmannen, Rogaland fylkeskommune, SINTEF og konsulentfirmaet Cowi var invitert til Boknatun for å gjennomføre ein idèdugnad i forhold til kvar den nye vegtrasèen skal gå. I ein tidleg fase i planprosessen ynskjer ein å gå breidt ut for å sjå på alle moglege og «umoglege» løysingar. Etter planen skal løysingane bli vurdert i eit forprosjekt der ein vil tilrå eit alternativ som blir grunnlaget for planprogrammet, og seinare ny reguleringsplan.

Bakgrunnen for at dette arbeidet startar opp, er Vegdirektoratet si avgjerd våren 2013 om at Rogfast skal planleggast med maksimalt 5 % stigning i tunnelen, mot 7 % stigning i forslaget til plan som tidlegare blei laga. Ei redusert stigning fører til at tunnelen blir minst 1,3 km. lenger og må kome ut lenger nord/nordøst enn ved Arsvågen slik det blei lagt til grunn i tidlegare plan.


Seminaret var meint som eit førearbeid til den formelle planprosessen og til forprosjektet. Når den formelle planprosessen blir varsla vil det bli gjennomført opne møter i Bokn og offentlege høyringar. Det er lagt opp til ein framdrift med fastsatt planprogram våren 2014 og vedtatt plan i løpet av fyrste halvår 2015. Ein held fast på målet om å starta opp anleggsarbeidet seint i 2015 og med opning av Rogfast i 2023.



Det var stor deltaking på synfaringa ved Lauplandsvågen.



Forslag til moglege trasèalternativ (kartet) blei gjennomgått og drøfta på Rogfast-seminaret. F.v. Bjørn Alsaker (Statens vegvesen), Synnøve Hognestad (Statens vegvesen) og Vidar Østerbø



E39 ROGFAST I BOKN  
Foreløpig skisse til ny trasè –  
Alternative løsninger

SVV 25. juni 2013

- Løsninger er ikke detaljert
- Grunnundersøkelser er ikke foretatt
- Stigning inntil 5,15 %



# Utan ei krone

Tekst: Jardar Havikbotn  
Foto: Grete Drilen Jøsang

**To driftige damer har bevist at dugnadsviljen lever i beste velgåande på Austre Bokn, og at det er fullt muleg å realisera dyre prosjekt utan midlar til disposisjon.**

På sundagane, spesielt i sommarhalvåret, er balløkkka på Øyrenfeltet ein populær møteplass. Då blir det spela fotballkamp mellom dei vaksne og dei unge, og heilagjengen er plassert på bordbenkar. Men benkar i høgt gras er upraktisk, m.a. i forhold til våte dagar. Dessutan er det mykje flått i området. Då fekk Grete Drilen Jøsang og Silje Aksdal ein idé om treplattung under bordbenkane.

Prosjektet blei avklart med kommunen, og det blei fjerna ein del tre og kratt. Kvistemaskin blei sponsa av Vaglid, gravemaskin av Nibe, veggrus hjå Bjarne Nedrebø, material frå Mæland Bygg og terrasseskruar fekk dei av Montér Raglamyr. Gode naboar sørga for at det heile bokstavleg talt blei ei solskinhistorie, då dei i løpet av to dugnadsveker i sommar laga til ein plattung på ca. 100 m2. Verdien på



Her er Jostein Hesthammer i full sving med plattingen, med sonen Noah til venstre. Bak Gaute Drilen Jøsang.



Ådne Drilen Jøsang med drillen og Elisabeth Skogland på den store plattingen.

materiellet er over kr. 50.000, og prosjektet totalt langt høgare.

– Det er tøft å kunne gjera dette utan ei krone, seier Grete Drilen Jøsang til

Bokn Bygdablad.

Ho og Silje Aksdal kan vera stolte over eit imponerende arbeid!

## Bokn Bygdablad for 20 år sidan

FRÅ NR. 7  
1993



## NOREGSMEISTER I STAFETT

Trond Lindanger frå Bokn (medlem av GTI, Stavanger) har vore med på store bragder i sommar. Han er sannsynlegvis den første boknaren som kan kalla seg noregsmeister i ei idrettsgrein. Under NM i friidrett i Tønsberg i sommar var han med på eil lag frå GTI som vart noregsmeistrar i 1000m. stafett. Samtidig sette dei ny norsk rekord på distansen. Trond sprang 2. etappe i stafetten. Dei

andre på stafetllaget var Jens Storhaug, Per Ivar Sivle, og Helle Farbrot. Og ikkje nok med det. Tidlegare i sommar var Trond med på eil stafetllag som sette norsk rekord på 4x100 m. stafett. Dette stemnet var i Rendalen. Trond sprang her siste etappen

Flott prestasjon!

## BRYR UNGDOMMANE I BOKN SEG?

I starten av juli gjekk det ut ei undersøking til ungdom i Bokn mellom 12 og 20 år. Dei som fekk skjemaet på skulen svara alle som ein, men av dei 72 skjemaene som vart sende ut til dei andre, kom berre 13 tilbake. Det synes eg er synd. Dette var kanskje ein god mulighet til å forandra litt på forholda både i helger og elles. Nå vil eg imidlertid senda ut ei ny

verkeleg at ungdommane stiller opp og hjelper oss med å svara på kva ynskje dei har når det gjeld t.d. fritidsaktiviteter. For politikarane kan heller ikkje vita kor skoen trykkjer - det må ungdommane sjølv fortelja. Nå har de ein sjanse til å gjera det. Bruk skjemaet som nå kjem i posten, og returner det i vedlagde svarkonvolutt, helst så snart som muleg.

# Eg seie meg så

Birger Lindanger

Denne gongen fekk dagsenterdamene full utteljing, men med Andor hakk i hel. Såleis er rollene snudd sidan sist gong.

Utfordringa denne gongen, var "gadl" eller "å gadla". Elles var her ein del uttrykk som nok massemedia og skulen er i ferd med å ta knekken på, men som var nokså vanleg i bruk til for ein generasjon sidan.

## Forklaringane:

1. ein våndl	Høydott med halm kring som fôr til dyra
2. gadl (å gadla)	Lyd som sauene laga
3. påg	stokk
4. gjesen	utett
5. tæring	tuberkulose
6. rolp	tøys, tull
7. å hama seg	å fjelga seg, ordna seg
8. ei hantikka	flått
9. å besa	sladra
10. klagje	is

## MÅNADENS UTTRYKK

Kva betyr...

1. å tåa på
2. toflegongar
3. å glåba
4. å gå i tudn
5. å jaga av
6. ei sjossa
7. i floktå
8. åretta
9. ei roa
10. stylken (ikkje på plante)

Forslag til forklaringar kan leverast Bokn Bygdeblad **innan 18. oktober**.  
Skriv då ned nr. med forklaringa bak.

## Resultat:

Dagsenterdamene	10 poeng
Andor Borgenvik	9 poeng

Me vil denne gongen takka Helge Laupland og Leif Vatnaland for god hjelp med uttrykka.



# Stortings- og sametingsvalet 2013

Jardar Havikbotn



## Resultatet for Bokn

Frammøteprosenten gjekk litt ned i forhold til Stortingsvalet i 2009. Sp fekk flest stemmer. H gjekk mest fram og Frp mest tilbake.

Av dei 487 som røysta ved årets Stortingsval i Bokn, stemte 125 på Sp. Dette tilsvarar 25,8% av stemmene, og er det største partiet - som i 2009, men denne gong berre med 14 røyster meir enn H. Høyre gjekk fram heile 9,4% sidan valet for fire år sidan, og gjenspeglar partiet sin store framgang på landsbasis ved dette Stortingsvalet.

Ein trudde frammøteprosenten skulle bli rekordhøg pga. 20% førehandsrøyster, men denne gjekk altså litt ned, frå 80,4% til 79,3%. Det var tre blanke stemmer. Ingen stemmer blei forkasta.

Senterpartiet	<b>25,8%</b>	<b>(+2,1)</b>
Høyre	<b>22,9%</b>	<b>(+9,4)</b>
Arbeiderpartiet	<b>17,6%</b>	<b>(-3,9%)</b>
Fremskrittspartiet	<b>15,7%</b>	<b>(-7,2%)</b>
Kristelig Folkeparti	<b>9,7%</b>	<b>(-2,2%)</b>
Sosialistisk Venstreparti	<b>2,3%</b>	<b>(-0,4%)</b>
Venstre	<b>2,1%</b>	<b>(+0,2%)</b>
De Kristne	<b>1,7%</b>	<b>(+1,7%)</b>
Miljøpartiet De Grønne	<b>1,0%</b>	<b>(+1,0%)</b>
Kystpartiet	<b>0,6%</b>	<b>(-0,2%)</b>
Rødt	<b>0,4%</b>	<b>(+0,0%)</b>
Piratpartiet	<b>0,2%</b>	<b>(+0,2%)</b>

## På bygdebladet.no spurte me i ei meningsmåling før valet kva ein ville stemt viss det var lokalval i år?

Her blei også Senterpartiet det største partiet, medan Høyre var langt i frå det gode landsresultatet. Om to år kjem fasiten.

## Slik var fordelinga i meningsmålinga, etter 660 svar:

Bokn Sp	<b>344</b>	<b>52,12%</b>
Bokn Ap	<b>273</b>	<b>41,36%</b>
Bokn H	<b>30</b>	<b>4,55%</b>
Bokn KrF	<b>13</b>	<b>1,97%</b>



# Fordi det handlar om mot

Anne Elisabet Askeland

**2. september vitja rap- gruppa Tonna Brix, 9. og 10. klasse ved Bokn skule. I tillegg til elevane frå Bokn skule var også 9. og 10. klasse frå Tysværvåg skule inviterte til Bokn; vi talde to- talt over 100 ung- d o m m a r og vaksne i salen.**

Dei to som utgjer rap- gruppa frå Oslo, Hakan Pandul og Kenneth Holt, fortalde svært sterke historiar frå tida då dei vaks opp. Oppvekstane deira bar preg av fysisk og psykisk vald i heimen. Hovud- bodskapet til dei to var at det er viktig at vi alle finn mot i oss til å ta opp tema som nettopp det- te og at vi finn mot til å prate om det som kan opplevast som svært vanske- leg å prate om.

Etter eit sterkt foredrag fekk vi alle gleda av å høyre Hakan og Kenneths minikonsert der sterke kjensler vart uttrykt gjennom kule rap-songar. Gjennom synlegjering og åpenheit er målet med arbeidet til gruppa Tonna Brix tosidig. Eit mål er å bevisstgjere barn og ungdom om kva instansar som kan yte hjelp, som for eksempel krise- sentre, skulen,ol. Det andre målet er å informere samt å bryte ned tabu og å bidra til åpenheit rundt voldsproblema- tikken.

Tonna Brix tilbyr skulane rundt om i landet ein temadag, der dei gjennom song og foredrag fortel om sine liv, kva hjelp dei har fått, og ikkje minst kva metodar dei har brukt for å bearbeide dei traumatiske opplevsane av å vek- se opp i ein familie med vald og rus.

Tonna Brix kommuniserer bodskapet også via sin sterke musikkvideo. Prosjektet med musikkvideoen er støt- ta med midlar frå Justisdepartementet, Barne- og likestillingsdepartementet og Krisesentersekretariatet.

Den lokale prosjektgruppa bestående av SLT- koordinator Frans Gisle Han- sen, folkehelsekoordinator, Tysvær, Ann-Kristin Berge og folkehelsekoordi- nator, Bokn, Anne Elisabet Askeland, Bokn skule og Tysværvåg skule stod for gjennomfø-



**Etter eit sterkt foredrag fekk vi alle gleda av å høyre Hakan og Kenneths minikonsert der sterke kjensler vart uttrykt gjennom kule rap-songar.**

**Foto: Jardar Havikbotn**



**Fv. Henriette Lindanger (helsesystem Bokn), Frans Gisle Hansen (SLT- koordinator), Lærer frå Tysværvåg skule), Kenneth Holt (Tonna Brix), Anne Elisabet Askeland (folkehelsekoordinator), Hakan Pandul (Tonna Brix), Malvin Kvamme (valdsførebyggjande eining, Sunnhordaland og Haugaland Politidistrikt).**

**Foto: Ann-Kristin Berge**

ringa av arrangementet.

I forbindelse med dette arrangementet vart det oppretta eit fagleg team bestående av helsesytrene i både kommunane, representantar frå psykisk helse i både kommunane samt representant frå politiet.

**Har du noko du gjerne ville prate med nokon om? Ta kontakt med helsesyter i Bokn kommune Henriette Lindanger på telefon 52752543 eller på mail henriette.skjelstad@bokn.kommune.no.**

# BoknOpp 2013

Tekst: Asbjørn Bakken  
Foto: A. Bakken & Kjetil Toth

**Det ble ingen løyperekord for herrer, men både damene og ungdommen sprengete fjorårsrekorden, på en strålende dag Bokn Opp.**

Siri Minge fra Bryne CK, sprengete fjorårs rekorden for damer med hele 4 min og 25 sekund, og fikk tiden 22.20. Vi ble veldig imponert over det dame- presterte. Ingvil Roti, også hun fra Stavangerkanten, var bare 16 små sekunder bak Siri, med tiden 22.36. Tysværritt-vinner Wenche Grønning Stueland kom også innenfor løyperekorden for damene. Hun fikk tiden 25.22. Løyperekorden var fra i fjor på 26.45.

## Flott løypetrasé

Siri Minge skrøt av løypetraseen, selv om hun for det meste sykler på landeveien. Og for de som ikke kjenner til Siri, kunne hun fortelle at hun til daglig sykler for profflaget HITEC PRODUCTS i Stavanger. Hun er oppvokst på Bryne, men bor nå i Stavanger. Hun forteller videre at løypetraseen var flott, men selvsagt krevende. Det var hardt både psykisk og fysisk. Tungt å sykle i en så bratt bakke. Hun håper å være tilbake igjen neste år. Kanskje satser hun på å forbedre sin nye løyperekord?

## Ungdomsrekord

Vår lokale Thomas Lønning fra Falkeid IL, imponerte også i bakkene mot toppen. Det rapporteres fra løypa at Thomas var konsentrert og etter løpet kunne han fortelle at hans egentlige mål var å komme under 30 minutter. Da kan det sies at det var veldig imponerende at han også satte ungdomsrekord med tiden 23.21. Det var hardt oppover bakkene. Tanken om å gå av syklen kom aldri.

- Nei, da hadde jeg nok bare blitt stiv i beina, sa han.
- Det var viktig å finne et jevnt tråkk, og jeg prøvde å holde på det oppover.



Vinner av herreklassen, Jostein Helgeland.

Vi håper å se mer av Thomas Lønning fra Erland nær Tysværvåg fremover. Her er mye talent.

## CK Haugaland-oppgjør

I herreklassen ble det et jevnt oppgjør mellom Tor Olav Gregersen og Jostein Helgeland, begge fra CK Haugaland. Tor Olav fikk 2. plassen i fjor med tiden 18.09, og siden fjorårsvinner Andreas Nygård ikke stilte til start, trodde nok mange på Tor Olav i dag. Men i bakkene oppover mot det 294 meter høye Boknafjellet var det to ryttere som knivete, og Jostein Helgeland ble hakket for sterk i dag og ble kloknet inn på tiden 18.03. En meget sterk tid. Tor Olav klarte ikke personlig rekord, da han fikk det litt stritt på slutten. Han kom inn 19 sekund bak Jostein, og 13 sekund bak sin personlige rekord.

## Ein kamp mot deg sjølv

Vi fikk igjen mange gode ord for arrangementet. Dette er et spesielt ritt, som nok for de fleste høres skrem-



Vinner av kvinneklassen, Siri Minge.



Vinner av ungdomsklassen, Thomas Lønning.

Vi gratulerer og takker alle som har deltatt i år, og håper dere alle har lyst å være med BoknOpp også neste år. Vel møtt!)

Resultatliste finner du på  
[http://kxweb.no/portal/  
theme/organization/news/  
show.do?id=9260867#](http://kxweb.no/portal/theme/organization/news/show.do?id=9260867#)



# Forsvarte NM-gullet

Tekst: Jardar Havikbotn - foto: May Jorunn Vatnaland

## Janne Elin Vatnaland (22) viste i år igjen kven som er best i landet i halvmaraton i klasse U23.


Det er ein fantastisk prestasjon å bli norgesmeister to år på rad, og ho gjennomførte løypa i Knarvik med glans. Ei tøff løype, i følge trenar Einar Søndeland.

- Sluttida hennar på 1.25.32 er ein prestasjon som tilsvarer ei sluttid på 1.22-talet i ei topp internasjonal løype, seier han.

Kjæresten Nils Haktor Bua (22) har også eit stort talent, og NM-debuterte på same distanse med tida 1.20.14, som heldt til ein sterk fjerde plass

21. september deltok det lettbeinte paret i Oslo Maraton. Meir om dette i neste blad.

**FORNØGDE ETTER NM I HALVMARATON: Janne Elin Vatnaland og Nils Haktor Bua**



# Sluseløpet 2013

May Jorunn Vatnaland

## Fire sprekingar som deltok i Sluseløpet søndag 8. september.

Jørgen Nilssen imponerte stort og forbetra tida frå 2012 med over to minuttar. Han slo Trond (som nok var noko "sur" i beina etter sykkelrittet BoknOpp) med god margin.

Bildet viser "trekkplaster" Halvard Hanevold omkransa av Benedicte Stue-land, Jørgen Nilssen, Målfrid K. Øvrebø og Trond Vatnaland.



# Sprinttalent frå Bokn

Tekst: Jardar Havikbotn - foto: Einar Søndeland

## 11. september debuterte Kristoffer Nordhus på 100m på Haugesunds nye friidrettsbane.

Friidrettstreningane til Einar Søndeland i Føresvik i sommar har gitt resultat. Kristoffer Nordhus, nyinnmeldt medlem i Spirit, sprang - utan relevant trening og erfaring - 100m på imponerende 12.85 under eit friidrettsstemne ved Haraldsvang

Utflytta boknar og friidrettsentusiast Søndeland er tydelegvis ein svært dyktig inspirator. I Stavanger Friidrettsklubb sine statuttar heiter det også at dei vil bruka kompetansen til å inspirera ute i laga rundt om i fylket.

Kristoffer Nordhus har fått meirsmak. Han seier til Bokn Bygdablad at han vil prøva å utvikla seg vidare innafør sprint.

- Eg vil testa ut korleis 400m og 200m funkar. 100-meteren var berre ei "treningsøkt" der eg skulle testa ut startblokker og litt div. andre ting, fortel 18-åringen, som håpar på å få delta i fleire stemner.

Han går på skule i Haugesund og trenar stort sett på det nye friidrettsanlegget i Haraldsvang. Kor ofte han vil delta på Spirit-treningar sør for fjorden



FRÅ FELLESTRENINGANE I SOMMAR: Kristoffer Nordhus i farta.

veit han ikkje endå.

Men han veit at styrken hans som løpar først er etter 50m, fordi han brukar litt tid på å komma seg i toppfart.

**Det blir interessant å følge Kristoffer Nordhus vidare. Lukke til!**

På <http://spirit-friidrett.com/340-spirit-også-sprintere-hmm> kan du lesa kva Einar Søndeland skriv frå debuten til sprintaren.

# KULTURKALENDEREN

- endringar/nye arr. er markerte -

## Oktober

02. Basar DISM. Bokn Bedehus kl. 19.00  
 03. Soknerådsmøte på Bedehuset kl. 19.00  
 06. Bingo på skulen kl. 16.00, arr. Bokn Musikkorps  
 07. Bibellesing. Bokn Bedehus kl. 19.00  
 09. Kontaktmøte. Bokn Bedehus kl. 19.00  
**10. Strikkekafe i Kyrkjebygd kulturhus kl. 18.00-21.00**  
 11. Kino i Auditoriet  
 13. Gudsteneste kl. 11.00.  
**15. Opptak vandrarar kl 1800, Bokn Bedehus**  
 20. TV-aksjonen 2013, **sjå s. 14, 21 og 22**  
 21. Bibellesing. Bokn Bedehus kl. 19.00  
**21. Besøk frå Nepal på Bokn Bedehus, sjå s. 20**  
**22. Opptak oppdagarar kl 1730, Oppdagarskogen (Sunnaland)**  
**24. Strikkekafe i Kyrkjebygd kulturhus kl. 18.00-21.00**  
 25. Kino i Auditoriet  
 26. Auksjon på skulen, arr. Bokn Musikkorps  
 27. ABR-senteret. Bokn Bedehus kl. 19.00  
**29. Opptak stifinnarar kl 1800, Speidarskogen (Knarholmen)**  
 31. Bokn Pensjonistforening har møte i Allrommet, Boknatun kl. 17.30  
 31. Soknerådsmøte på Boknatun kl. 19.30  
 31. Kyrkjenær, Alternativ Halloween for sjuandeklassingar, Bokn bedehus kl. 18-21

## November

03. Gudsteneste kl. 11.00. Allehelgensdag  
 04. Bibellesing. Bokn Bedehus kl. 19.00  
**07. Strikkekafe i Kyrkjebygd kulturhus kl. 18.00-21.00**

## 08-10. Speidarleir for Stifinnarar og oppdagarar på Fre heim.

08. Kino i Auditoriet  
 08. Kulturkveld. Bokn Bedehus kl. 19.00  
**09. Julemesse/salgsmesse i gymsalen kl. 11-17, sjå s. 20**  
 10. Bingo på skulen kl. 19.00, arr. Bokn Musikkorps  
 16. Julemesse NMS Tysvær  
 18. Bibellesing. Bokn Bedehus kl. 19.00  
 19. Kyrkjenær, Barnebibel for fireåringar, Bokn kyrkje/Allrommet?  
**21. Strikkekafe i Kyrkjebygd kulturhus kl. 18.00-21.00**  
 21. NMS. Bokn Bedehus kl. 19.00  
 22. Kino i Auditoriet  
 24. Gudsteneste kl. 15.00. Bibel til fireåringar  
 26. Soknerådsmøte på Bedehuset kl. 19.00  
 28. Bokn Pensjonistforening har møte i Allrommet, Boknatun kl. 17.30  
 29./30. Kyrkjenær, "Lys vaken" for sjetteklassingar, Bokn kyrkje/Petra

## Desember

01. Gudsteneste kl. 18.00. Lysmesse med speidarar  
 02. Bibellesing. Bokn Bedehus kl. 19.00  
**03. Grautfest kl 1800 på skulen**  
 06. Kino i Auditoriet  
 08. Luciafest på skulen, arr. Bokn Musikkorps  
 15. Gudsteneste kl. 11.00  
 24. Gudsteneste kl. 14.00  
 26. Gudsteneste kl. 11.00  
**27. Julefest, Bokn Bedehus kl. 18.00**  
 29. Julefest. Bokn Bedehus kl. 19.00  
 31. Gudsteneste kl. 16.00

## Omsetning av eigedomar i Bokn

**Fyrvegen 13 (Gnr 11, bnr 153)** er solgt for kr 2.000.000 fra Ingjerd Kristin Ellingsen og Augustin Thuestad til Jørgen Thuestad  
**(16.07.2013)**

**Andel av Gnr 24, bnr 6** i Bokn kommune er overdradd fra Berit Ims til Gudrun Ims Clouzeau og Atle Ims  
**(17.07.2013)**

Overdragelsen omfatter også Varheiveien 5 (Gnr 60, bnr 60) i Randaberg kommune

**Boknatunvegen 50 (Gnr 9, bnr 149)** er solgt for kr 900.000 fra Leif Arild Sæbø til Nibe as  
**(29.07.2013)**

**Boknatunvegen 46 (Gnr 9, bnr 162)** er solgt for kr 900.000 fra Gjermund Kyrre Mangor Sæbø til Bokn Eiendom as  
**(22.08.2013)**

**Gnr 17, bnr 10** er overdradd fra Gundersen Anton til Ingfrid Jørgine Gundersen  
**(01.08.2013)**

**Gnr 5, bnr 4** er overdradd fra Erna Aksdal til Laila Lillian Aksdal Jensen  
**(12.08.2013)**

**Gnr 17, bnr 10** er overdradd fra Ingfrid Jørgine Gundersen til Georg Karl Gundersen og Ivar Sverre Gundersen  
**(01.08.2013)**

Kjelde: Statens kartverk



## Fra barnemunn:

Utseende har ingenting å si. Se på meg – jeg er veldig kjekk, men har allikevel ingen å gifte meg med.

En hestekraft er den energien som trengs for å trekke en hest fem hundre meter på ett sekund.

- Gud elsker alle barna på jorden og alle mennene. Også elsker han alle damene også, selv om han ikke er gift med dem.

Kilde: Internett



# Gratulerer!



**Anne Merete - 30 år, 5. september.**

Vil gratulere min supre venninne og tur-kompis så kjempemasse med 30 års dagen. Glad i deg!

**Klem fra Irene.**



**Hanna Alvestad - 80 år, 11. sept.**

Vi vil gratulere Hannemor så kjempemasse med 80 års dagen! Glede oss te å feira i lag med deg! Masse glad i deg!

**Klemmer kommer fra Barn, svigerbarn, barnebarn og oldebarn.**



**Ane Kvinnesland - 14 år, 15. sept.**

Me vil gratulera Ane Kvinnesland med 14-års dagen!

**Stor klem frå Simen, mamma og pappa.**



**Eiril Wahlgren Lie - 7 år, 19. sept.**

MIn flotte prinsesse Eiril Wahlgren Lie blir 7 år den 19 september. Gratulerer så masse med dagen!

**Kjempemasse glad i deg. Hilsen mamma.**



**Noah og Karoline - 5 år og 3 år.**

Gratulere Noah som blir 5 år 5. sept. og Karoline som blir 3 år 22. september. Smilefjes!

Stor klem til dei to minste barnebarna. Glad i dokke!

**Fra mormor og morfar\besten.**



post@bygdabladet.no

MMS: 98 22 15 08

100 år

**I førre blad stod det eit stykke om Jenny Pauline Hagen, som var 100 år 23. juni i år. Ho er dotter av Peder Are, som var kjøpmann i Stavanger.**



Peder Are finn ein i Bygdeboka på Are br. nr. 2. Peder hadde tre sysken som var busette på Bokn. Mathias på garden heime, Maren Elisabeth som var gift med Jakob på nabogarden og Tabitta som var gift med Daniel Grønnestad og som budde der Kjell og Ingrid bur i dag.

Jenny Pauline hadde mange syskenborn i Bokn, men dei er nå alle døde.

Mathias hadde barna Maria (Are), Melena (Vatnaland), Jens, Hilda (Vågshaug), Mathilde (Bokneberg), Toralv, Tor-dis (Våga), Jens og Jenny Are.

Cecilie hadde Anna Grønnestad, Else Øvrebø og Judith Grønnestad.

Tabitta hadde to døtre: Janne og Inga. Janne var den fyrste kona til Marton Grønnestad. Ho hadde to døtre, men dei reiste bort. Inga var gift med Hans Sundvor, lærar på Hognaland. Dei hadde mange born, men heile familien flytta bort.

**Sigvart Våga**



## Dåpsskule for andreklassingar

Jan Magne Moi

Kyrkjener starta opp med samling for 2. klasse. Tema denne gongen var om Gud som skapar. Tema vart gjennomgått med undervisning, teikning og maling. Det var tydeleg at borna kosa med oppgåvene. Midt i opplegget var det pølse, pølsebrød og frukt. Som Guds skaparverk, treng me også næring for kroppen.

Maling på flotte lerretsrammer! Dette blir kunstverk å vise fram på Hausttakkefesten 29. september. Det var Greta Skorpe Elverhaug og Solveig Våga som hadde ansvar for denne samlinga av Kyrkjener. Dei kosa seg like mykje som borna. No gler me oss til framsyning i kyrkja på Hausttakkefesten.



**Greta Skorpe Elverhaug (th.) og Solveig Våga hadde ansvaret for samlinga.**

# Konfirmantpresentasjonar

Jardar Havikbotn

**Under gudstenesta 1. september presenterte kyrkja konfirmantane sine for dette skuleåret. 50 års-konfirmantane blei også presenterte.**

Som vanleg deltok dei unge konfirmantane på ulike måtar i gudstenesta, med m.a. visualisering av preikenteksten, medan 50 års-kullet stod for den muntre og nostalgiske praten med prest Arne Aurdal.

Kyrkjelyden fekk også helsa på den nye kyrkjevergen, Jan Magne Moi. Det vil komma ein nærmare presentasjon av han i neste utgåve av dette bladet.

**50 ÅRSKONFIRMANTAR I SAMTALE MED PREST ARNE AURDAL, fv. Gaute Kro, Einar Søndeland, Dagfinn Hognaland, Terje Larsen, Oddbjørg Bokneberg Øye og Ingjerd Kristin Ellingsen.**



**Dei som ikkje var til stades var Bernhard Våge, Ragnar Grønnestad, Torunn Svanhild (Alvestad) Ragnvaldjord, May Torhild (Dirdal) Aadnøy, Berit Synnøve (Jørgensen) Roskifte og Kjellfrid Bokneberg (død).**



**KONFIRMANTAR 2014, fv. Målfrid K. Øvrebø, Malena Hognaland, Joachim O. Paulsen, Rune Hognaland, Joakim Skjelde, Sverre Trosnavåg, Kristina K. Hanssen, Linn Sørvaag, Simmen Karoliussen, Torfinn M. Alvestad, Raymond Hognaland, Eline F. Øvrebø, Gina G. Johannessen og Ida Havikbotn.**



## NETTAUKSJON

På andre året arrangerer kommune-komiteén auksjon til inntekt for TV-aksjonen. Det var High Comp AS som gjekk av med sigeren i fjor, og det var kniving om premien heilt til auksjonen stengde kl. 16.00 på TV-aksjonsdagen

Medan premien i 2012 var ei signert T-skjorte med FKH, har me i år gått lenger. Årets aksjons-skjorte er signert av Viking-spelarane. Frå Haugesund har me fått tak i signert FKH-drakt, og desse to produkta danner årets "fotballpakke". Praktisk for familiar/bedriftar med både Viking og FKH-supportarar.

**Auksjonen byrjar 7. okt. kl. 12.00 og varer til 20. okt. kl. 16.00. Følg med på [bygdabladet.no](http://bygdabladet.no) og [facebook.com/Boknkommune](https://www.facebook.com/Boknkommune)**





Sak 025/13

**Gnr. 26 bnr. 3 og 5 - Asbjørn Simonsen - deling av grunneigedom - handsaming etter § 12 i jordlova.**

**Forvaltningsstyret vedtok:**

Forvaltningsstyret gjev i medhald av delegert mynde samtykke til å dele frå ein parsell på 2,5 dekar kring bustadhuset på gbnr 26/3, jf jordlova § 12 og grunngevinga i saksutgreininga.

Det er eit vilkår at resten av arealet på gbnr 26/3 og 5 vert seld som tilleggsjord til Vidar Grønnestad til ein landbruksmessig forsvarleg pris, og at arealet deretter vert drivne saman med gbnr 26/1 som ei driftseining. Det vert ikkje gjennomført kartforretning før kommunen har motteke konsekssøknad med underskriven kjøpekontrakt.

vesen. Slik avklaring må liggja føre, før endeleg - byggeløyve kan gjevast.

3. Dersom det ikkje kjem klage på dispensasjonsvedtaket innan klagefristen, kan endeleg byggeløyve gjevast administrativt på delegert fullmakt.

Sak 026/13

**Gnr. 26 bnr 3 og 5 - Asbjørn Simonsen - frådelling av gardstun - dispensasjon får kommuneplanen sin arealdel.**

**Forvaltningsstyret vedtok:**

1. I medhald av § 19-2 i plan- og bygningslova, dispenserer forvaltningsstyret frå kommuneplanen sin arealdel for å dele frå ein parsell frå gnr. 26 bnr. 3 og 5 slik som det er søkt om.  
Det er lagt vekt på at restarealet skal seljast som tilleggsjord til gnr. 26 bnr. 1, og forvaltningsstyret vurderer det derfor slik at frådelling ikkje er i konflikt med dei omsyn kommuneplanen er meint å ta vare på.  
Føremona ved å gje dispensasjon synest klårt større enn ulempene etter ei samla vurdering.
2. Det er ein føresetnad at restarealet vert seldt som tilleggsjord til gnr. 26 bnr. 1, jfr. vilkår for frådelling etter § 12 i jordlova.

Dersom dispensasjonsvedtaket ikkje vert klaga på innan klagefristen, kan endeleg frådelling godkjennast administrativt på delegert fullmakt

Sak 028/13

**Gnr. 5 bnr. 24 - Fredrik Faye - garasje - dispensasjon for overskriding av byggegrense.**

**Forvaltningsstyret vedtok:**

1. I medhald av § 19-2 i plan- og bygningslova, dispenserer forvaltningsstyret frå gjeldande reguleringsplan med føresegnar slik at garasjen kan plasserast 0.6m frå sida av gangvegen slik der er søkt om.  
Det er lagt vekt på at det er tale om avstand til ein gangveg, og forvaltningsstyret vurderer det derfor slik at plasseringa ikkje kjem vesentleg i konflikt med dei omsyn planen og føresegnene til denne er meint å ta vare på.

Føremona ved å gje dispensasjon vert vurdert som klårt større enn ulempene etter ei samla vurdering.

2. Dersom det ikkje kjem klage på dispensasjonsvedtaket innan klagefristen, kan endeleg byggeløyve gjevast administrativt på delegert fullmakt.

Sak 029/13

**Gnr. 14 bnr. 1 - Sigurd Johnny Svendsen - bruksendring - dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel.**

**Forvaltningsstyret sitt vedtak:**

1. I medhald av § 19-2 i plan- og bygningslova, dispenserer forvaltningsstyret frå kommuneplanen sin arealdel for innreiing/bruksendring av delar av driftsbygningen på gnr. 14 bnr. 1 slik det er søkt om.  
Det er lagt vekt på at konklusjonen i den landbruksfaglege tilrådinga om at dette er ei svært god løysing ut frå ressursgrunnlaget til garden og behovet til dei som skal ta over og busetje seg der.  
Etter forvaltningsstyret si vurdering vil tiltaket derfor ikkje føre til at dei omsyn planen er meint å ta vare på, vil verta sett vesentleg til sides, og etter ei samla vurdering, vil føremona ved å gje dispensasjon vera klårt større enn ulempene.
2. Dersom det ikkje kjem klage på dispensasjonsvedtaket innan klagefristen, kan endeleg byggeløyve gjevast administrativt, på delegert fullmakt.

Vedtatt mot 1 røyst frå Ap.

Sak 027/13

**Gnr. 1 bnr. 1 - Erik Eikje - utviding av brygge og utfylling i sjø - dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel og byggeforbodet i strandsona.**

**Forvaltningsstyret vedtok:**

1. I medhald av § 19-2 i plan- og bygningslova, dispenserer forvaltningsstyret frå kommuneplanen sin arealdel og frå § 1-8 i plan- og bygningslova for utviding av brygge og utfylling i sjø slik det er søkt om.  
Det er lagt vekt på at tiltaket har tilknytning til eksisterande næringsdrift og at det ikkje ligg føre merkadar frå regionale styresmakter.  
Forvaltningsstyret vurderer det derfor slik at omsynet som ligg bak kommuneplanen sin arealdel og byggeforbodet i 100-metersbeltet mot sjøen, ikkje vert sett vesentleg til sides.  
Føremona ved å gje dispensasjon vert vurdert klårt større enn ulempene etter ei samla vurdering.
2. Det vert vist til vilkåret vedkomande mudring som er sett i godkjenninga frå Karmsund Havne

Sak 030/13

**Gnr. 24 bnr. 5 - Odd Borgenvik - justering av tomteplassering - dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan.**

**Formannskapet sitt vedtak:**

1. I medhald av § 19-2 i plan- og bygningslova, dispenserer forvaltningsstyret frå gjeldande reguleringsplan for justering av plassering av tomt nr. 2

slik det er søkt om. Det er lagt vekt på at justeringa medfører at eit eldre løebygg på tomta og eksisterande gangsti kan bevarast, og det er ein føresetnad for justeringa at dette vert gjort. Etter forvaltningsstyret si vurdering vil justeringa då ikkje føre til at omsynet som ligg bak reguleringsplanen vert sett vesentleg til sides, og føremona ved å gje dispensasjon vert vurdert klårt større enn ulempene etter ei samla vurdering.

2. Dersom det ikkje kjem klage på dispensasjonsvedtaket innan klagefristen, kan endeleg vedtak med omsyn til frådeling handsamast administrativt på delegert fullmakt.

Søknaden om frådeling må fremjast i eigen søknad.

Sak 031/13

**Gnr. 10 bnr. 10 - Torunn Feste - bruksendring av driftsbygning til bustdaføremål - dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel.**

**Forvaltningsstyret sitt vedtak:**

Rådmannen sitt framlegg fall med 5 røyster mot og to røyster for, ei frå høgre og ei frå arbeiderpartiet.

Sak 032/13

**Gnr. 9 bnr. 149 - Nibe AS - tomannsbustad - dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan og byggeløyve.**

**Forvaltningsstyret sitt vedtak:**

1. I medhald av § 19-2 i plan- og bygningslova, dispenserer Bokn kommune frå gjeldande reguleringsplan med tilhøyrande føresegner, for oppføring av tomannsbustad med takvinkel 22 grader, og for overskriding av tillaten utnytting, slik det er søkt om.
2. Med atterhald om at det ikkje vert klaga på dispensasjonsvedtaket innan klagefristen vert søknad om oppføring av tomannsbustad godkjent med heimel i § 20-1 i plan- og bygningslova i samsvar med søknad.
3. Tiltaket vert plassert i tiltaksklasse 1, unnateke røyrleggararbeid og ventilasjonsarbeid som vert plassert i tiltaksklasse 2.
4. Det må søkjast om ferdigattest seinast 4 veker etter at tiltaket er ferdig. I samband med dette må det sendast inn gjennomføringsplan og oppmålingsdata for veg, VA-leidningar og bygga. Oppmålingsdata skal leverast på SOSI format 4.0
5. Det skal i medhald av § 11-16 i byggt teknisk forskrift monterast brannsløkkereiskap i bygget før det vert teke i bruk.

**Formannskapsmøte 19. mars 2013**

Sak 036/13

**Første beredskapsbilen i Bokn kommune - er det en bærekraftig og fremtidsrettet teneste i Bokn?**

**Formannskapet sitt vedtak:** Formannskapet vedtok med 4 mot 3(2 SP og 1 AP) stemmer å rå til at Rådmannen sitt forslag til vedtak vert utsett til budsjettprosessen.

Sak 040/13

**Reguleringsplan for strandsona mellom Føresvik og Alvestadkroken – tilleggsløyving.**

**Formannskapet sitt vedtak:**

Med 5 mot 2 røyster (Sp) løyver formannskapet kr 60.000,- i tillegg for å få gjort ferdig reguleringsplanen for strandsona mellom Føresvik og Alvestad. Midlane blir å taka frå reserverte løyvingar. Etter dette er samla kostnadsrame for arbeidet kr 185.000,-.

Sak 045/13

**TV-AKSJON NRK – Nasjonalforeningen for folkehelsen 2013 – Løyving frå Bokn kommune 2013.**

**Formannskapet sitt vedtak:**

Formannskapet vedtok samrøysta å løyve kr. 25,- pr. innbyggjar til TV-aksjonen. Kostnaden vert dekkja av 1490 reservert løyving.

## HØSTEN BANKER PÅ

Sommeren har listet seg så stille på tå.  
Nå er den borte, høsten siger på.  
Kaldere i lufta, med klarere smak.  
Fuglene samles til felles vingslag.

Jeg har lagt meg rolig ned under et tre.  
Løvet skifter farge, men vil ikke falle ned.  
Solens stråler leker mellom løv og grener.  
En bris hvisker svakt. Et teater skifter scener.

Fra fjellets topp er sikten lengre nå enn før.  
Når solen søker havet, ser du skyene bra blør.  
Himmelen blir blåsort. Stjerner kommer frem.  
Lufta biter hardere. Jeg rusler sakte hjem.

Jeg krøller meg sammen med kakao i et stort krus,  
Tenner på i peisen, det er godt å være innomhus.  
Vinden øker på, jeg hører sterke bølgeslag.  
Høsten banker på og varsler storvask neste dag.



Tekst & Foto: Kjetil Hamre

© kjetil hamre



altibox

# Du kan få fiber på Bokn



Bestill på [www.haugnett.no](http://www.haugnett.no)





**Hytter/Leiligheter med båt og kai plass**  
**Uke, måned eller året**  
**Ta kontakt med**  
**Atle Jøsang - tlf. 900 72 369**  
**Mail: atle.josang@griegseafood.com**

## KFL bil og utleige

Utleige av stillas frå	500 kr. pr.v.
Utvendig lakkrens av bil	frå 2.500 kr.
Innvendig reingjering	frå 500 kr.
Skinngleie	frå 500 kr.
Desinfisering av klimaantl.	500 kr.

### Utleige av minigravar 2500 kg

Pris døgn	1.000 kr. + mva
Pris veke	5.000 kr. + mva
Pris pusseskuffe	150 kr. + mva
3.500 hengar, døgn	400 kr. + mva

**Kjell Frode 907 83 797**  
**John Magne 909 24 964**  
**Epost: kjellfrode75@hotmail.com**

## Har du avlagde kler, sko og leiker?

Kunne du tenkje deg å gi dei til eit godt føremål?

Me har innsamling på Kyrkjebygd kulturhus, i Petra/Artep sine lokale, kvar onsdag kl. 16-20.

Du kan levere i berepose eller i bossekk, og alt må vere reint og heilt.

For at det skal kome fram til dei som treng det, ber me om kr. 10,- for ein berepose, og kr. 50,- for ein bossekk.

Vil du gjerne levere noko frå deg, men har ikkje moglegheit ein onsdag? Ring ein av oss, så kan me avtale ei anna tid og dag.

Innsamlinga er i samarbeid med THK-stiftinga på Karmøy - [www.thk.no/](http://www.thk.no/)

**Annette Bokneberg (91 32 82 58) og**  
**Elisabet Taraldlien (46 95 95 13)**

## NEDREBØ MASKIN & TRANSPORT

- Salg og leveranse av singel og veigrus
- Skaffer også andre steinprodukter ved forespørsel
- Opplasting og bortkjøring av løsmasser

**Telefon: 94 98 63 64**

## Bokn & Tysvær begravelsesbyrå

John Magne Lie  
909 24 964  
Kjell Frode Lie  
907 83 797

## Bokn Bygdablad

[www.bygdabladet.no](http://www.bygdabladet.no) - [post@bygdabladet.no](mailto:post@bygdabladet.no)

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren.

Eit abonnement (papir eller PDF) kostar kr. 404,- pr. år, 578,- for både papir og PDF. Abonnementa er gratis for bortebuande skule-elevar og studentar.

**Redaktør:** Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08  
 E-post: [jardar.havikbotn@bokn.kommune.no](mailto:jardar.havikbotn@bokn.kommune.no)/[post@bygdabladet.no](mailto:post@bygdabladet.no)

**Medarbeidarar:** Annette Bokneberg/Gro Sørensen

### Bygdabladnemnd

Elisabet Taraldlien  
Kjetil Hamre  
Hanne Marte Vatnaland

### Gjeldande annonseprisar

Heilside	kr. 2.000,-
Halvsida	kr. 1.000,-
Kvartside	kr. 500,-
1/8 side	kr. 250,-
Privatann.	kr. 100,-
Nettannonse	kr. 100,-
Fastannonse	etter avtale

**Foto, omslag:**  
Stephan Haram



## KROVÅGEN HESTESENTER

Austre Bokn - tlf. 91120801/95114786 - [kachris@online.no](mailto:kachris@online.no)

Lørdagsrideleir 19. oktober kl. 11 til 17. Passer for aldersgruppen 8-16 år, nybegynnere og litt øvet.

Informasjon og påmelding til Kari, nettsider

**[www.kro-hest.no](http://www.kro-hest.no)** tlf. 91120801.

Annonsér i Bokn Bygdablad



## Bygdeboknytt

Som det vil vera kjent, blir bygdeboka mykje meir omfattande enn fyrst tenkt. Her var særst mykje stoff, og bygdeboknemnda meinte at det ville vera galt å skjera bort halvparten av dei interessante hendingane som har skjedd på Bokn gjennom tidene. Her er også nyregistrert innpå tusen historiske foto. I fjor blei det difor vedteke å utvida verket frå 500 til 1000 sider og frå eit til to band.

Frå november 2012 blei det lagt opp til å skriva ut 50 sider boknasoge i månaden, og me var i august komne fram mot midten av 1900-talet. Det er til nå skriva 1100 manussider og det står att ca. 300 sider.

Då var det klart at det ikkje ville bli tid til å gje ut begge banda før jul. Materialet til fyrste bandet låg klart, og spørsmålet reiste seg om ein skulle konsentrera seg om å få gje ut dette bandet før jul og la det neste bandet koma til neste år.

Nemnda fann då at det var mest forsvarleg å gje ut begge banda samstundes. Det inneber at dei vil koma ut samla over sommaren 2014. Til så lenge vil det koma drypp frå verket i bygdbladet.

**Birger Lindanger**



STORT FRAMSIDEBILDE:

Stemningsfull septemberhimmel over Boknafjellet

Foto: Ørjan Pedersen

## Temakveld om Utvandringa til Amerika

Torsdag den 17. oktober vil Bokn historielag arrange-  
ra ein temakveld om utvandringa til Amerika.  
Leiar i Tysvær historielag - Vidar Aarhus – er vert og  
guide for oss på utstillinga «**Reisen til Ameri-  
ka**» i Tysværtunet.

Utstillinga fortel den spanande historia om utvand-  
ringa til Amerika der det frå 1825 til 1935 utvandra  
over 900.000 nordmenn! **På 22 år – frå 1878 til  
1900 – utvandra det 199 frå Bokn til Amerika!**

Kvelden vert avslutta med kaffi og rundstykke

Me møter opp **torsdag den 17. oktober seinast kl.  
18.00 på plassen ved inngangspartiet til 1. eta-  
sje på Boknatun** og fyller opp nokre av bilane til  
medlemmene av historielaget. Inngongspengar kr.  
50,-. Pga mat må me ha påmelding innan tysdag  
den 15.oktober i tlf. 52748312 (Leif V.) eller  
45691081 (Reidar A.). Gi også beskjed om du treng  
skysst til Boknatun.

**Arrangør: Bokn historielag**

## Bokn legekantor – hausten 2013

Legekantoret vil vere i vanleg drift med nokre unn-  
tak:

### Oktober 2013

Veke 42 (14-18/19) flyttar vi drifta til Hegren lege-  
senter. Resten av månaden vil kantoret vil vere ope  
som vanleg. Etter planen vil vi fire veker i oktober ha  
med oss ein sisteårs medisinstudent slik vi har hatt  
tidlegare år også.

### November 2013

Kantoret er ope som vanleg. Legen er på kurs veke  
46 (11-15/11), du vil då ved behov bli vist til Hegren  
legesenter i Akdsdal.

### Vennleg helsing

**Oss på Bokn legekantor**

## SMARTE FORELDRE!

Vi ønsker å arrangere foreldrekurset  
SMARTE FORELDRE på Bokn i høst.

**Dette er et kurs for foreldre som  
har triste og/eller engstelige barn  
(0-18 år) og målsettingen er å gi  
foreldrene kunnskap og verktøy til  
å støtte barna «ut av begynnende  
vansker» / forhindre utvikling av  
vansker.**

Utgangspunktet er at foreldre er en  
viktig ressurs og en rollemodell for  
barnet sitt.

**Tid : Start tirsdag 29. oktober  
2013, kl. 19.00 – 22.00**

**Sted : Allrommet, Boknatun**

Kursansvarlig


**Marit Helene S. Johnsen, psykolog-  
spesialist Tel. 99 15 67 97**

For å se hvor mange som ønsker å del-  
ta på dette kurset, ønsker vi bindende  
påmelding innen 10 oktober.

Spørsmål om kurset og påmelding:  
Henriette Lindanger: 93 85 14 09- 52  
75 25 43.  
Førstemann til mølla! ( Max 6 foreldre-  
par)

Pris : Gratis.

**Bokn helsestasjon/Psykisk helse for  
barn og unge  
Helsesøster Henriette Lindanger**



# Informasjonsmøte om fiberutbygginga i Bokn

Kyrre Lindanger

**Utbygging av fiberbasert breibandsnett i Bokn blei starta opp på seinsommaren og i den samanhengen inviterte Haugaland Kraft og Bokn kommune til informasjons- og salsmøte på Boknatun.**

Det møtte opp om lag 30 personar den 5. september, og det blei gitt grundig informasjon om sjølve utbygginga, framdrifta av prosjektet og vilkår for tilknytting. Fleire nytta også høvet til å teikna abonnement med AltiBox.

Til nå er det frest ned fiber i vegen i dei områda der det ikkje er luftspenn, dette gjeld førebels for delar av Havnavegen og Leirgrovvegen. Arbeidet med å strekke fiber i luftspenn i Førsvikområdet har nett starta opp, og nodehytta aust for Tresnippen i Førsvik blei ført opp i veke 38. Sjøkabelen, som skal leggast ut frå Susort til Førsvik, er levert. Søknad for legging av sjøkabelen er godkjent av sjø- og fiskerimyndene, og arbeidet vil starta opp i løpet av hausten.

Arbeidet med å rulle ut fiber i kommunen er omfattande, og Haugaland Kraft ynskjer å få kobla flest mogleg abonnentar til fibernettet i den perioden dei har anleggsutstyret i bygda. Mange



Det møtte opp om lag 30 personar på informasjonsmøtet.

husstandar og bedrifter har allereie teikna abonnement, og i fylgje Haugaland Kraft vil dei fyrste få tilgang til fiber ved juletider.

**Du kan få meir informasjon ved å gå inn på [www.haugnett.no](http://www.haugnett.no) eller henta brosjyre på servicetorget på Boknatun.**

## Besøk frå Nepal

Jan Magne Moi

**Generalsekretær Joseph Soren (bildet) kjem til Bokn bedehus mandag 21. oktober.**

Joseph Soren er leiar for Santalkyrkja i Nepal, Nepal Evangelical Lutheran Church (N-ELC). Eg traff han då me var lærarar på den norske skulen i Nepal.

Eg vart imponert over arbeidet som vart drive der. Sjølv vitja eg kyrkja att i samband med ein konferanse i november 2012.

Kyrkja lever under heilt andre kår i Nepal enn me gjer i Norge. Det er første gongen Soren vitjar landet vårt. Han skal vitje hovudkontoret i Oslo og også samarbeidspartnarar i Finland.

Me er heldige som kan få han på vitjing her. Han vil fortelje litt frå arbeidet og nokre bilete vil forklare litt om korleis dei bur og korleis dei arbeider.



## Julemesse/salgsmesse

**Gymsalen lørdag 9. Nov. kl 11-17**

- Sidsel Faret - angels of norway (smykker)
- Marie Vågshaug -foto
- Anette Lundervold - sjarmtrolleker
- Bianca Alvestad - me & i. (Klær)
- Hilde Louise Hansen - Mary Kay-produkter
- Grethe Alvestad - perfect home
- Margareth Bokneberg - strikkeprodukter.
- Kjetil Hamre/Ina V. Tangen

- Musikkorpset - salg av adventskalendere og lodbok til luciafesten
- Loppemarked til inntekt til ukraina
- 9. klasse har kafé





## Møteplanar, kommunale styre og utval

### Bokn kommunestyre

17.12 kl. 19.00 (Boknatun, 2. etasje)

### Bokn formannskap

05. og 06.11

Budsjettkonf. kl. 17.00 (Boknatun, 1. etasje)

03.12 kl. 17.00 (Boknatun, 1. etasje)

### Bokn forvaltningsstyre

16.10 kl. 18.00 (Boknatun, 1. etasje)

11.12 kl. 18.00 (Boknatun, 1. etasje)

### Bokn kontrollutval

07.11 kl. 19.00 (Boknatun, 2. etasje)

### Bokn sokneråd

31.10 kl. 19.30 Bokn bedehus

26.11 kl. 19.00 Bokn bedehus

Politiske møte blir gjort kjende gjennom oppslag på Coop Marked Bokn og kommunen si heimeside ei veke før møtet går av stabelen. Sakspapira blir utlagde til offentlig ettersyn samstundes i Servicetorget og Bokn bibliotek. Det kan bli sett opp ekstramøte ved behov.



# INGEN TID Å MISTE

## Tv-aksjonskveld 15. oktober

**Kommunekomiteén planlegg ein TV-aksjonskveld på tysdagen i aksjonsveka.**

**Då bladet blei sendt til trykking var ikkje innhaldet på denne kvelden klart.**

**Følg med på [bygdabladet.no](http://bygdabladet.no), [facebook.com/Boknkommune](https://www.facebook.com/Boknkommune) og oppslag.**

## TV-aksjonen NRK går i år til Nasjonalforeningen for folkehelsens arbeid med demens

Over 70 000 mennesker i Norge har Alzheimer eller en annen demenssykdom. I løpet av de neste tiårene vil antallet fordobles.

De ulike demenstypene har til felles at de angriper hjernecellene. De funksjonene hjernecellene har ivaretatt, som å huske, snakke og gjenkjenne ting, situasjoner og personer, blir gradvis svekket. 300 000 mennesker i Norge opplever at ens partner, forelder, søsken eller barn forsvinner litt etter litt.

Gjennom TV-aksjonen NRK 2013 skal vi styrke tilbudet til mennesker med demens og deres nærmeste. Det er en nådeløs sykdom, men med hjelp og aktivitet kan de gode dagene bli flere og bedre. Vi kan skape flere dager der personen med demens mestrer dagligdagse oppgaver. Flere dager med mulighet til å gjøre aktiviteter de likte å gjøre før, og finne fram til minnene fra et langt liv som sykdommen stjeler.

Demenssykdommen sprer seg etter hvert til store deler av hjernen. Til slutt rammer den livsviktige funksjoner og personen dør av sykdommen. Ennå er det ingen medisiner eller vaksine mot demens.

Gjennom TV-aksjonen NRK 2013 skal vi gi et løft til forskningen så demensgåten kan bli løst. Målet er å utvikle vaksiner og medisiner slik at det blir mulig å leve bedre med demens og hindre utvikling av sykdommen. Hele Norges befolkning er berørt av sykdommen demens. Om det er en venn, broren til din kjæreste, moren til en kollega, eller bestemoren til en venninne, forholder vi oss alle til demens.

Gjennom TV-aksjonen NRK 2013 skal vi bidra til at så mange som mulig får informasjon om sykdommen, slik at tabuene mister sin kraft og myter blir knust. Om du er demenssyk, pårørende, eller snakker med en kollega om farens demens, skal du ha kunnskap om sykdommen. Åpenhet og økt kunnskap vil gjøre det lettere for demenssyke og deres pårørende å være aktive og sosiale.

**Gjennom TV-aksjonen 2013 skal vi sammen legge grunnlaget for å løse demensgåten og gi personer med demens et verdig liv og en bedre hverdag.**

## Hva er demens?

- Demens er en fellesbenevnelse for flere hjernesykdommer som oftest opptrer i høy alder og fører til en kognitiv svikt. Den vanligste formen er Alzheimers sykdom.
- Sykdommen utvikler seg gradvis og opptrer oftest i høy alder. Den kan også ramme mennesker helt ned i 50-årsalderen.
- De vanligste symptomene på demens er hukommelsessvikt, sviktende taleevne, personlighetsendringer, angst og depresjoner. Det blir etter hvert vanskelig å utføre praktiske handlinger og delta sosialt.
- Demenssyke utgjør den største pasientgruppen i kommunehelsetjenesten. I Norge regner man med at 70 000 personer har demens. 70 prosent av dem har Alzheimer.
- De neste tjue årene tror man denne andelen er fordoblet.
- [Ulike typer demens](#)
- Har du spørsmål om demens, kan du ringe **Nasjonalforeningens Demenslinje 815 33 032**

Kilde: Nasjonalforeningen for folkehelsen

## Skulebasar 18. oktober

For 11. gong inviterer skulen til basar i samband med TV-aksjonen. Denne gong blir det **fredag 18. oktober kl. 10.00 - 12.30.**

Som alltid er bygdafolk velkomne med gevinstar til basaren. Sal av kaffi, saft og heimebakst. 5 kr. pr. lodd.

**Alle er velkomne!**



20. okt.

20. OKTOBER 2013



Nasjonalforeningen  
for folkehelsen

TV-AKSJONEN **NRK**

Ta godt i  
mot bøsse-  
berarane  
20. okt.!

<http://giverstafett.no>

Støtt opp!

# INGEN TID Å MISTE

70 000 HAR DEMENS. 10 000 FÅR SYKDOMMEN HVERT ÅR. DET KAN RAMME OSS ALLE. BÅDE DEG, MEG OG NOEN VI KJENNER. VI GÅR FOR EN LØSNING.

Kommune-  
komitéen planlegg  
TV-aksjonskveld  
15. oktober. Følg  
med på bygdabla-  
det.no og oppslag

Nettauksjon på  
bygdabladet.no  
7. - 20. oktober

Signert T-skjorte  
og fotballdrakt av  
Viking og FKH

GIVARPORTAL FOR  
NÆRINGSLIVET

SKULEBASAR  
18. OKT. KL. 10.00

Formannskapet har  
vedtatt at Bokn  
kommune gir 25 kr.  
pr. innbyggjar  
til årets TV-aksjon -  
kr. 21.625





Om du vil ha time på salongen eller hjemme er det bare å ringe meg på tlf.

**52 74 86 47**  
**46 44 29 20**

Hårsmiå har åpent hver dag og ut over kvelden for de som vil komme etter arbeidstid.

Hilsen  
Mona på Hårsmiå

### Frisørrommet på Boknatun

- i sentrum av Bokn -



Åpningstider:  
tirsdag-fredag

Oddetallsuker:  
kl. 09-16  
Partallsuker:  
fleksible  
åpningstider

**GOLDWELL**  
CLOSER TO STYLISTE. CLOSER TO HAIR.

Hilsen fra  
Anita

99 32 55 34  
52 74 85 34



**GOLDWELL**  
CLOSER TO STYLISTE. CLOSER TO HAIR.

#### DAGSENTERET

Ope kvar tysdag kl. 10.00 - 14.00  
Trenng du skyss, blir du henta på døra.

Nye brukarar blir spesielt ønska velkomne.

Påmelding på tlf. 93 09 39 98

**Mariann Skjelde - aktivtør**



NAV BOKN

Kundesenteret: tlf. 55 55 33 33

**Unn A. Mustaparta - leiar**

#### SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag 08.30- 15.00

#### Me kan t.d. hjelpa deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandler i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler, eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte - Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, boknaspennå, krus, m.m.
- kopiering

Direkte nr.: 52 75 25 10 - 52 75 25 11

E-post: [post@bokn.kommune.no](mailto:post@bokn.kommune.no)

#### BOKN TANNKLINIKK

Kontortid tysdagar kl. 08.30 - 15.10  
Tlf. 52 75 25 80

Timebestilling kan også gjerast via Tysvær tannklinikk, tlf. 52 75 45 20

**Tannlege Ingjerd Hope Myklebust**

#### LANDBRUKSKONTORET

Kontordag kvar torsdag på Boknatun kl. 08.00 - 12.00

Direktenummer: 52 75 25 11

Avtale etter kl 12 må gjerast særskilt.

**Bjørn Bruaset: 52 75 71 75**  
**Emilie Moi Eikje: 52 75 77 69**

#### BOKN FOTTERAPI

Heimelocale, Øyren 16

Timebestilling tlf. 99 70 74 28

**Rita Bokneberg - fotterapeut**

#### BOKN LEGEKONTOR

Kvar tysdag og fredag samt onsdagar i partallsveker.  
Opningstider 08 - 15.30.  
Telefontider 08-11 og 13-14.  
Telefon 52 75 25 40.

**Ved behov for øyeblikkeleg hjelp, ring Bokn Legevakt 52 74 85 22 (heile døgnet).**

**Ved livstruande tilstand, ring 113.**

Timebestilling på internett eller SMS, sjå [www.bokn.no](http://www.bokn.no) for meir info.

**Jan Schille - lege**

#### PSYKISK HELSETENESTE

Kontortid mellom kl. 08.00 - 14.00 alle dagar, torsdag ope til kl 15.30.

Direktenr.: 52 75 25 36

Mobilnummer: 40 41 05 70

(me er lettast å få tak i på mobil)

EP: [grethe.e.heimvik@bokn.kommune.no](mailto:grethe.e.heimvik@bokn.kommune.no)  
[miriam.berland@bokn.kommune.no](mailto:miriam.berland@bokn.kommune.no)

#### HELSESØSTER

Helsestasjonen er open måndagar, tysdagar og onsdagar kl. 08.00 - 15.30  
Tlf: 52 75 25 43

Du kan ellers kontakta Henriette på mobil 93 85 14 09

**Henriette S. Lindanger - helsesøster**

#### JORDMORTENESTA

Jordmor vert å treffa på fysioterapirommet måndag i oddetallsveker.

Du kan kontakta jordmor Bodil på tlf. 40 41 12 61

Timebestilling: Ta kontakt på helsestasjonen!

**Bodil Ljones Auestad - jordmor**

#### BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag kvar veke

Tysdag - onsdag - torsdag kvar tredje veke - tlf. 52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

Smerter i muskler og ledd? Ta direkte kontakt.

**Geir Austvik - fysioterapeut**

Annonsér i  
Bokn Bygdablad



Båtdrømmen finner du  
hos Rogaland Marine!



VI ELSKER BÅT! GJØR DU?



Besøk oss på [rogalandmarine.no](http://rogalandmarine.no)

DU KAN OGSÅ NÅ OSS PÅ TLF: RUNE 41665015  
ELLERS ER DU HJERTELG VELKOMMEN TIL OSS.

